Møre og Romsdal fylke

Rauma kommune
Vollan 8 A
6300 ÅNDALSNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		FM: 2006/2770/ULLU/433.52	Ulf Lucasen, 71258859	21.06.2006

-

Iverksetting av fellingsforsøk på jerv i Måndalen i Rauma kommune

Vi viser til møte med rovviltutvalet i Rauma kommune 20.06.06. På dette møtet deltok også ordføraren, mattilsynet og tre saueeigarar frå Måndalen.

Søknad
På møte 20.06.06 kom det fram at det vil bli søkt om iverksetting av fellingsforsøk på jerv i Måndalen for å førebygge vidare skade på sau.

Statens naturoppsyn (SNO) har dokumentert at eitt lam er drepe av jerv i dette området i år. I 2005 valda jerv vesentleg skade på sau i dette området. Ut frå at det framleis er stor aktivitet av jerv i området, er det frykt for at det kan bli enda eit år med vesentleg jerveskade.

Det kom og fram på møtet at det blir lagt vekt på at bestandsmålet for jerv i region 6 er nådd, og at dette skadeområdet ligg utafor dei områda der rovviltnemnda i utkast til forvaltningsplan prioriterar å ha ynglande jerv. Dette er svært tidleg på året i høve til når jerven vanlegvis startar å ta lam, og det er difor ønskje om å forsøke å felle jerv for å førebyggje vidare skade utover sommaren.

Reglar og grunnlag for iverksetting av felling:
I §§ 8 og 9 i Forskrift om forvaltning av rovvilt fastsatt ved Kgl res 18.03.05 står det følgjande om kvote for og iverksetting av betinga skadefelling:

> **"§ 8.** *Kvote for betinget skadefelling av gaupe, jerv, bjørn og ulv*
>
> Dersom vilkårene i forskriften § 7 er oppfylt, kan en rovviltnemnd tildele kvote for betinget skadefelling på gaupe, jerv, bjørn og ulv til fylkesmannen for å forhindre at disse artene gjør skade på bufe eller tamrein. Kvote for betinget skadefelling gjelder fra 1. juni til og med 15. februar.
>
> Vedtak etter første ledd som gjelder ulv i regionene 4 og 5 skal fattes av rovviltnemndene i disse to regionene i fellesskap.
>
> **§ 9.** *Fylkesmannens myndighet til iverksetting av betinget skadefelling*
>
> Fylkesmannen kan av eget tiltak eller etter søknad fatte vedtak om iverksetting av felling for å forhindre fremtidig skade innenfor rammen av kvote for betinget skadefelling gitt av rovviltnemnden, jf. forskriften § 8, eller Direktoratet for

naturforvaltning, jf. § 13. Fylkesmannen kan delegere sin myndighet til iverksetting av slik felling til kommunen i særskilte tilfeller.

Ved vurderingen av om det skal gis tillatelse til skadefelling skal det legges vekt på føringene i regional forvaltningsplan, jf. forskriften § 6. Felling kan bare gjennomføres dersom det ikke finnes annen tilfredsstillende løsning ut fra prinsippet om geografisk differensiert forvaltning. Det skal særlig tas hensyn til

a) områdets betydning som beitemarkb) skadenes omfang og utviklingc) potensialet for fremtidige skaderd) muligheten for å gjennomføre forebyggende tiltak.

Felling skal være rettet mot bestemte individer. Vedtak om felling skal være begrenset til et bestemt område, tidsrom og antall dyr. Det kan knyttes nærmere vilkår til fellingstillatelsen, herunder at bestemte typer dyr skal være unntatt, at felling skal foretas av nærmere bestemte personer, metoder for felling og utbetaling av fellingsvederlag og/eller dekning av påløpte utgifter med unntak av lønn mv. i forbindelse med felling. Felling og forsøk på felling i henhold til denne bestemmelsen gjennomføres uavhengig av grunneiers jaktrett, jf. viltloven § 35."

Som grunnlag for å vurdere høve for å sette i verk fellingsløyve på jerv i Rauma kommune ligg vedtak fatta i møte 22.05.06 i sak 10/2006 i rovviltnemnda for region 6. I dette møtet blei det fatta vedtak om 4 betinga fellingsløyve på jerv i region 6 for 2005 / 2006.

Våre vurderingar:
I 2005 var det 7 brukarar som søkte om erstatning for jerveskade i denne delen av Rauma kommune. Dei hadde til samen slept 665 søyer og 970 lam. Av desse blei det borte 50 søyer og 247 lam på utmarksbeite. SNO konkluderte ut frå kadaverundersøkingar med at ei av søyene og 14 av lamma var avliva av jerv. Ut frå dette blei det betalt ut vesentlege erstatningar på grunn av sannsynleggjort skade frå jerv i 2005. SNO har nå dokumentert at eitt lam er drepe av jerv i dette området i år. Det er såleis grunn til å frykte vidare jerveskade utover i beitesesongen.

Gjennom innmeldte observasjonar frå området og gjennom SNO sine sporingar og feltkontrollar er det dokumentert at det er jamn aktivitet av jerv i området. Det er likevel ikkje noko som tydar på at det er ynglande jerv i dette fjellområdet.

I forslag til forvaltningsplan for rovvilt i region 6 ligg Måndalen utafor området der det er ønskje om etablering av ynglande jerv. Vi kan ikkje sjå for oss at den avsluttande behandlinga av forvaltningsplanen vil endre på dette. Fjellområda kring Måndalen og utover denne halvøya blir meir å rekne som eit randområde som er uvesentleg for utveksing av jerv mot andre område der det er mål om å ha ynglande jerv.

Så langt vi kjenner aktivitetsområdet til næraste ynglande jervetispe, har ho leveområde innafor det området der det i forvaltningsplanen er mål om å ha ynglande jerv. Denne tispa vil såleis ikkje bli råka av ei eventuell felling av jerv i dette området.

Bestandsmålet for jerv i region 6 er nådd, og vi kan ikkje sjå at felling av jerv i det aktuelle området vil vere til hinder for at jervebestanden framleis vil halde seg på bestandsmålet.

Det er mykje sau på utmarksbeite utover heile denne halvøya, og jerv valda og vesentleg skade på buskapar i nabokommuar i 2005. Så tidleg på året som nå er det ikkje mogleg å skaffe beite for dyra utan å nytte utmarka. Felling av skadegjerande jerv vil difor vere eit rett verkemiddel i dette området.

Manglande resultat av lisensfellinga gjer og at vi meiner at det kan vere rett å ta ut jerv i dette randområdet for å avgrense område med skadegjerande jerv i tråd med prinsippet om differensiert forvaltning.

Vedtak:
Med visning til grunngjevinga ovafor og med heimel i § 9 i rovviltforskrifta iverksetter vi fellingsforsøk på 1 jerv innafor eit nærmare avgrensa område i Rauma kommune i tidsrommet frå dags dato og fram til og med 20.07.06. Følgende vilkår gjeld:

1. Løyve til felling gjeld innafor følgjande område i vestre delar av Rauma kommune: Måndalen og Innfjordsområdet avgrensa av kommunegrensa mot Norddal, Stordal og Vestnes i sør og vest, mot sjøen i nord og mot elva Rauma og vegen opp Isterdalen og Trollstigen i aust.

2. Rauma kommune oppnemner fellingsleiar og fellingslag. Samansettinga av fellingslaget og kven som er leiar det skal meldast til oss, lensmannen, og SNO før fellingsforsøket startar.

3. Når det blir nytta rifle er det berre lov å nytte ammunisjon med ekspanderande prosjektil (blyspiss, holspiss o l) som har anslagsenergi på minst 980 joule (100 kgm) på 100 meters avstand. Ingen har høve til å vere med på fellingsforsøket på jerv med rifle utan å ha avlagt skyteprøve for storviltjakt 2005 og/eller 2006. Det er og lov å bruke hagle ved felling av jerv.

4. Felling av jerv skal straks meldast til oss, SNO og DN. Meldinga skal innehalde opplysningar om tid og sted for fellinga. Fellingsstaden skal kunne påvisast dersom vi krev det.

5. Den/dei som løyser skot mot jerv, pliktar å forvisse seg om påskote dyr er treft. **Vi skal ha melding om alle skot som blir løyst mot jerv uavhengig av om skotet var treff eller bom.** Dersom det verken kan konstaterast at jerven dauda av skotet eller at skotet var ein bom, vil vi ta ansvaret for å organisere ettersøk.

6. Medlemmene i det oppnemnde fellingslaget skal utan godtgjerdsle, såframt anna ikkje er avtalt med oss, hjelpe forvaltningsmyndigheit eller politimyndigheit i det vidare ettersøk.

7. Jerv som blir felt på dette løyvet er Viltfondet sin eigedom. Ingen kan difor på nokon måte gjere seg nytte av felt jerv utan nærare samtykke frå DN.

8. Felte dyr skal så raskt som mogleg fraktast til Norsk institutt for naturforskning (NINA), Tungasletta 2, 7485 Trondheim.

9. **Alle som deltar i fellingslaget skal vere kjende med innhaldet i dette brevet.**

Denne avgjerda kan klagast inn til Direktoratet for naturforvaltning innan tre veker etter at meldinga er motteken. Ein eventuell klage skal stilast til direktoratet, men sendast om Møre og Romsdal fylke. Klagen bør grunngjevast.

Vi ber om at kommunen orienterar dei i kommunen som har interesse av dette vedtaket om innhaldet i det.

Med helsing

Trond Haukebø (e.f.)
Seksjonsleiar

Ulf Lucasen
Viltforvaltar

Kopi:
Rovviltutvalet i Møre og Romsdal
Foreningen Våre Rovdyr
Rovviltnemnda for region 6 – Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag v/ Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Direktoratet for naturforvaltning
Statens Naturoppsyn (SNO)
Norsk institutt for naturforskning (NINA)
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
Mattilsynet, Distr.kont. Romsdal, Pb. 383, 2381 Brumunddal